

Forskrift om skulefritidsordninga (SFO) i Hjelmeland kommune

Revidert etter endring i forskrift til opplæringslova gjeldande frå 1. august 2024, om gratis opphald for 3. trinn.

Innholdsoversikt

[§ 1 Lov og retningslinjer](#)

[§ 2 Eigarforhold](#)

[§ 3 Leiing og ansvar](#)

[§ 4 Bemanning](#)

[§ 5 Organisering](#)

[§ 6 Opphalds- og opningstid](#)

[§ 7 Foreldrebetaling](#)

[§ 8 Opptakskriterium](#)

[§ 9 Opptak](#)

[§ 10 Klage](#)

[§ 11 Oppseiing av plass](#)

[§ 12 Leike- og opphaldsareal](#)

[§ 13 Forsikring](#)

§ 1 Lov og retningslinjer

Skulefritidsordninga (SFO) i Hjelmeland kommune skal drivast i samsvar med §4-5 i opplæringslova med tilhørande forskrift og etter retningslinjer vedteke av kommunestyret, samt dei krav som gjeld for tildeling av statstilskot. Vedtektene skal fastsettast av kommunestyret. Private ordningar skal godkjennast av kommunen.

§ 2 Eigarforhold

Hjelmeland kommune eig og driv skulefritidsordninga på skulane. Formannskapet er ansvarleg styringsorgan, og ordninga er administrativt underlagt rådmannen.

§ 3 Leing og ansvar

Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for skulen si skulefritidsordning.

SFO skal dessutan ha ein dagleg leiar som skal ha relevant pedagogisk- og fagleg utdanning. Leiar skal saman med det øvrige personalet i SFO driva SFO i samsvar med §13-7 i opplæringslova.

Leiar skal møta i samarbeidsutvalet (SU) med tale- og forslagsrett i saker som gjeld SFO. Dersom foreldrerådet finn det ønskeleg, skal foreldrearbeidsutvalet (FAU) supplerast med ein av foreldra til barn i SFO.

SFO skal utarbeida årsplan som skal godkjennast av SU.

§ 4 Bemanning

Det er krav om politiattest ved tilsetting, famfør reglane i opplæringslova §10-9.

Gruppestorleik:

Tal barn:	Tal vaksne:
Inntil 9 barn	1 vaksen
10 - 25 barn	2 vaksne
26 - 45 barn	3 vaksne

I tillegg kjem personar til eventuelle styrkings- og tryggleikstiltak, på lik linje som dei har i skuletida.

§ 5 Organisering

SFO vert organisert til skular og vert oppretta når minst 7 barn vert søkt plass for i kvar krins. I krinsar med få søkarar, kan desse få tilbod i barnehagen dersom tilhøva ligg til rette for det. Det skal leggest til rette for SFO både før og etter skuletid, i den grad det er etterspurnad etter tilbodet.

§ 6 Opphalds- og opningstid

SFO har kjernetid frå kl. 07.30 til kl. 16.15 fem dagar i veka. Utover dette må det søkast spesielt.

Nytt SFO-år startar samtidig med nytt skuleår (i midten av august).

SFO held stengt på plandagar. Det skal settast av 5 plandagar i løpet av skuleåret.

Ein kan søke om følgande opphaldstider pr. veka:

1. - 3. trinn

- 0-12 timar
- over 12 timar (12,01+)

4. trinn

- Opphald 0-6 timar (0-6,0)
- Opphald 6-12 timar (6,01-12,0)
- Opphald over 12 timar (12,01 +)

Barna skal ha minst 4 veker ferie i året.

SFO-tilboda i kommunen held stengt 4 veker i juli. Utover dette skal alle SFO-tilboda i kommunen ha ope, forutsett at følgande punkt vert oppfylt:

- Det må vera minst tre (3) deltakarar for å oppretthalda eit tilbod i SFO sine lokaler.
- Dersom det er 1-2 søkarar, får desse tilbod om plass i ein annan SFO.

Dersom særskilte grunnar tilseier det kan reglane over fråvikast. Dette må i tilfelle skje etter grunngjeven søknad via rektor til kommunalsjef for oppvekst.

§ 7 Foreldrebetaling

- Foreldrebetaling vert fakturert etter innmeldt behov og for det timetalet dei bestiller.
- Betalingsattsane vert gradert etter den opphaldstida ein søker om.
- Elevar på 1. - 3. tinn får 12 timar gratis opphald på SFO pr. veke. Dette gjeld også i skuleferiar.
- For elevar på 5. - 7. trinn med særskilde behov er SFO gratis.
- Betaling for mat pr. måned kjem i tillegg til betaling for opphald.
- Når det er plass kan det kjøpast opphaldstid for enkle dagar. Dette gjeld berre for barn med plass i SFO.
- Ved kjøp av ekstra tid må ein gjere avtale med den einskilde SFO. Det er opp til den einskilde SFO å vurdere dette ut i frå plass og kapasitet.
- Foreldrebetaling skjer forskotsvis per måned.
- Betalingsåret er 10 månader. Juli er fritaksmånad og ein betalar for bruk i august.
- I skuleferiane vert betalinga rekna ut frå enkeltdagar med fråtrekk for allereie kjøpt tid i SFO.
- Ein må betale for tida ein har bestilt i feriar sjølv om den ikkje vert nytta.
- Foreldre/føresette med låg inntekt skal kunne søke om redusert foreldrebetaling for SFO. Inga hushald skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si for ein SFO-plass (opphald). Det krevast handsaming av søknad med dokumentasjon for å få innvilga slik reduksjon.
- Det er 25 % søskenmoderasjon ved søsken på SFO.

Betalingsattsane for opphald og mat i SFO blir kvart år vedteke av kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga.

§ 8 Opptakskriterium

Opptak skjer i samsvar med opplæringslova § 4-5.

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilde behov på 1.-7. årstrinn.

§ 9 Opptak

Hovudopptaket skjer i vårhalvåret, med søknadsfrist 1. mars.

Barnet som får opptak i SFO har denne plassen til han/ho går ut av 4. trinn, dersom ikkje det vert søkt om endring eller plassen vert sagt opp.

Opptaket kan og skje midt i eit skuleår.

Rektor er opptaksinstans.

§ 10 Klage

Formannskapet er klageinstans. Klage på opptak skal sendast via rektor til rådmannen. Klagefristen er tre veker frå motteke melding om opptak.

§ 11 Oppseiing av plass

Oppseiing av SFO-plass må skje skriftleg og med tre (3) månadar varsel. Dette gjeld og ved oppseiing av deler av plassen (endring til lågare opphaldstid). Ein betaler for oppseiingstida.

§ 12 Leike- og opphaldsareal

Leike- og opphaldsarealet til SFO skal vera tilpassa dei aktivitetane som skal drivast.

§ 13 Forsikring

Skader som oppstår under opphald i SFO, er omfatta av folketrygdlova som yrkesskade når skade skjer på skulen sitt område og på dei dagane det er undervisning på skulen. Skader som ikkje vert omfatta av folketrygdlova, vert dekkja av kommunen sine egne forsikringar.